

**Fra:** Roger Fanavoll Fjellsbø  
**Sendt:** torsdag 1. desember 2022 10:15  
**Til:** EIVIND HORDVIK  
**Emne:** SV: Dykkar ref. 22/5816 - 22/64534

Hei.

Beklager veldig seint svar. Har ikkje registrert eposten frå deg før no

Etablering av minireinseanlegg er eit godt tiltak framfor å fikse på eldre avløpsanlegg.

Hugs at endringen du no har planlagt er søknadspliktig. Vesentlig endring av avløp er søknadspliktig etter forureiningslova og etablering av minireinseanlegg er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

For endring av eksisterande utslepp er gebyret halvparten av normalt.

**Mvh**

**Roger Fjellsbø** | Rådgjevar, Miljø og tilsyn

Telefon: 462 99 440

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

---

**Fra:** EIVIND HORDVIK <eihordvi@online.no>  
**Sendt:** mandag 5. september 2022 11:41  
**Til:** Roger Fanavoll Fjellsbø <roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no>  
**Emne:** Dykkar ref. 22/5816 - 22/64534

Hei

Viser til tilsendt brev der du på vegne av Alver kommune ber om tilbakemelding på avløpsforholda på eigedommen vår gbnr 474/16 Olsvoll.

I tillegg til hol i rør som vart avdekka ved tømning 14.07.22, er septikktank/spredegrøft utdatert. Nytt minirensanlegg er innkjøpt og står klart til å gravast ned, men prosessen formalitetane er ikke starta opp endå. Det gjer eg imidlertid no, men eg er tvilande til om det er realistisk å komme heilt i mål med jobben innan fristen.

Eg har hatt lokal representant for Biovac på befaring. Nytt anlegg er planlagt sett ned eit lite stykke frå der septikken ligg i dag, men traseen for avløpsledningen ligg i eksisterande trase for eksisterande avløpsrør fram til dagens septiktank. Det er derfor ønskeleg å gjere minst mogeleg med eksisterande rør før nytt anlegg vert kobla til og sett i drift.

Kan eg søkje utsetting på fristen, eller er det naudsynt å gjere noko med holet i røyet FØR ein tek til med anleggsarbeid med minirensanlegget tek til? Kan eventuelt ei løysing med utvendig lukking av holet verte godkjent som midlertidig løysing?

Vedlagt ligg skisse for planlagt installasjon av nytt minirensanlegg. Eksisterande septikk er også markert i kartet med blått punkt og blått kryss over.

Mvh  
Eivind Hordvik  
tlf. 91142007